

Hei,

Jeg vil med dette fremsette følgende grunngitte spørsmål til fylkesordfører. Se vedlegg.

Alt godt
Jeanette Syversen
Gruppeleiar
Raudt Vestland
95822661

--

Alt godt
Jeanette Syversen
Gruppeleiar Raudt Vestland
95 82 26 61

Innebygd bilde

GRUNNGITT SPØRSMÅL TIL VESTLAND FYLKESTING 17. OG 18.DESEMBER.

KONSESJONSAK NORTHCONNECT-KABELEN FRÅ EIDFJORD TIL SKOTTLAND.

Til fylkesordfører Jon Askeland (SP).

Forrige uke offentliggjorde NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) si vurdering av det omstridte kabelprosjektet NorthConnect frå Sima i Eidfjord i Hardanger til Peterhead i Skottland. Dette prosjektet er Norges lengste utanlandskabel (660 km) med total effekt på 1400 MW.

NVE gir inga direkte tilråding til OED (Olje- og Energidepartementet) om NortConnect bør få konsesjon eller ei. NVE hevdar likevel at prosjektet er «samfunnsøkonomisk lønnsomt», sjø om det vil føre til auka straumprisar og nettleige i Norge.

Vestland fylke er energifylke nr. 1, med mykje miljøvenleg kraftførelande storindustri og mange livskraftige industrisamfunn som er basert på rimeleg lokal kraft til lokal industri (t.d. Odda og Tyssedal, Ålvik, Husnes, Høyanger, Årdal og Svelgen). Både LO lokalt og nasjonalt frarår regjeringa og OED å gje konsesjon av omsyn til framtida for industriarbeidsplassane i Norge.

Etter Raudt sitt syn er det eit viktig mål i å vidareutvikle norsk landbasert prosessindustri i Vestland og resten av landet basert på rein, fornybar vannkraft istadenfor enno meir krafteksport og tilsvarande import av høgare straumprisar.

Spørsmål:

1. Er fylkesordføraren samd med sin partileiar Trygve Slagsvold Vedum (SP) som sterkt frarår å gje konsesjon til NorthConnect – eller er fylkesordføraren samd med SP-ordføraren i Eidfjord, Anved Johan Tveit, som aktivt støttar at NorthConnect får konsesjon?
2. Vil fylkesordføraren ta initiativ til at Vestland fylkesting på sitt neste møte i mars får høve til å uttale seg om denne saka før slutthandsaming i OED, evt. i regjeringa og Stortinget?

Jeanette Onarheim Syversen (Raudt)